



Tomta

ARBEIDSMETODE

Vår hypotese er at tomta på Trudvang har kvalitetar og ei plassering som gjer at den eignar seg for etablering av ein grunnskule (1-7) med 700 elevar. Denne hypotesen har me testa ut ved hjelp av ulike arkitektfaglege vurderingar

Grunnlaget for arbeidet er henta frå Norconsult sitt arbeide, rådmannen i Sogndal og opplysningar frå kommunekart.com. I tillegg er det nytta godt kjend lokalkunnskap om Sogndal. Det vert og vist til SINTEF Byggforsk 342.205 Grunnskolebygg og NMBU sin rapport om uteområder for skoler og barnehager frå 2019.

Vi har vurdert tomta ut frå tre ulike perspektiv.

1. Kva ressursar og areale finst i området omkring skulen som kan medvirke til ein god skule
2. Korleis kan skulen sitt areale og kvalitetar vere ein ressurs for området omkring skulen
3. Korleis kan tomta disponerast og byggast ut i fleire steg

GRUNNLAGET


Tomta er på 17 456 m². Vi har tatt med heile kvartalet mellom Prestadalen, Leighota, Skulevegen og SHOS, fordi dette er det beste utgangspunktet for å få til ein skule og eit nærmiljøanlegg som koplars seg på resten av sentrum i alle retningar.

Areal for planlagd bygning er oppgjeve til å vere omlag 10 500 m², opplyst av rådmannen i kommunestyret 28. november. Rådmannen stadfestar dette i epost 2. november. Vi har illustrert ei løysing med BRA 13 035 m². Totalt bebygd areal på bakkeplan er 3500 m²

Sogndal kommune har sett nærare på skular med uteområde som har ein storleik på 20-30 m² pr elev, opplyst av rådmannen i epost pr 2. november, jamfør rapport utført av Norconsult. Den illustrerte løysinga syner eit areale med 20 m² utomhusareale pr elev. Vi forslår Stitoppen som eit tilleggsareale og då vert arealet 29m² pr. elev. Dette er ei naturtomt som ligg heilt inntil skuletomta. NMBU skriv i sin rapport frå 2019 at det ikkje er gjort studier som syner ein samanheng mellom storleiken på utearealet og verdiar knytt til helse og trivsel, men at det er ein samanheng mellom utforminga av utearealet og helse og trivsel.

Norconsult s 66: Tilleggsareal i rimelig nærhet, som for eksempel idrettsanlegg, skog og utmark, som skolen disponerer i skoletiden, vil normalt kunne regnes med i arealet.





Bakkeplan 1:1000

BYGGESTEG

Det ligg godt til rette for å føre opp anlegget i to avgrensa byggesteg, den stipla linja synleggjer grensa mellom byggestega

- Byggesteg 1 (mot Leighota)
- Byggesteg 2 (mot SHOS)

MIKROKLIMA OG LYDFORHOLD

Trudvang er mellom dei tomtene i Sogndal sentrum som har best mikroklima. Den er solrik og svært lun, utan den kalde dalatrekken ein finn andre stader.

Det er lite støy frå til dømes trafikk og næringsverksemd

LOGISTIKK


Skulen ligg sentralt til for mange, det ligg til rette for at dei fleste kan kome syklende eller gåande. Det er eit godt kollektivtransporttilbud i området. Dei som likevel må køyra, kan nytte eksisterande parkeringanlegg i området. Teknisk ligg det og til rette for parkering under bakken, men vi peikar på behovet for å tenke trafikktryggleik uansett kvar ein skule ligg.

Skuleskys:

Ved å flytte skulen til Kvåle vil 1. klassingar på Navarsete, Leite og Loftesnes få krav om skuleskys.

Nestangen som er eit anna viktig sentrumsområde med stort potensiale vil også ligge meir enn to kilometer frå barneskulen.





Takplan 1:1000




Areal uteområde pr. elev


Adresse/tomt	gnr	bnr	areal eiedomar	BRA 700 elever	BYA bakkeplan, jamfør situasjonsplan	uteareal=tomteareal- BYA bakkeplan	uteareal pr elev
Skulevegen 5	21	4	2652				
Skulevegen 5	21	11	1167				
Skulevegen 5	21	92	344				
Skulevegen 5	21	153	764				
Skulevegen 5	21	154	5617				
Skulevegen 5	21	161	2353				
Skulevegen 3	21	141	849				
Skulevegen 1	21	37	866				
Leighota 2	21	64	857				
Leighota 4	21	137	660				
Leighota 6	21	136	673				
Leighota 8	21	130	654				
sum tomteareal			17456	10500	3500	13956	20
Stitoppen	21	167	1365				
Stitoppen	21	168	4802				
sum Stitoppen			6167		0	6167	9
Sum tomteareal og stitoppen					0		29



2 km luftlinje fra Kvåle:




2 km luftlinje fra Trudvang:



2 km faktisk avstand fra Kvåle gjev krav til skuleskys for 1.klassingar på Leite, Navarsete, Nes og Loftesnes.



Ressursar for skulen i nærmiljøet



- Campus
- Gammaskogen
- Fosshagen barnehage/eplehage
- Stitoppen
- Prestebustaden
- SHOS
- Buss-stasjonen
- Sentrumsparken
- Elveparken (framtidig)
- Fjordstien
- Biblioteket/kulturhuset
- Badelagunen
- Røvhaugane

Korleis skulen kan vere ein ressurs for nærmiljøet



17-mai

Samlingspunkt for leik og feiring av Høgtidsdagar, Bursdagar, Konfirmasjonar



Skulekorps

Øving og Speling



Gymsal

Allidrett 2-6år, Ballspel



Nærleikeplass

Uformell møteplass og Leikeplass



Aktive samlingsstader

Skating, Skøyteisbane, Buldring



Fritidsaktivitetar

Dans, Musikk, Kunst, Handverk, Fotball




Bebuarar på SHOS

Leik og Aktivitet i nærområdet



Ungdomshus

Samlingspunkt for barn og ungdom



Solstudie Vårjamndøgn kl. 1200

KONSEPT

Vi har valgt å sjå på heile kvartalet som det beste utgangspunkt for å få til ein skule og eit nærmiljøanlegg som koplars seg best mogleg på sentrum i alle retningar.


- 4 volum i 1-4 etasjer, som gir eit ledig vertikalt og horisontalt spel
- Skuleplassen er tydeleg definert av bygningsvoluma, på same tid som den opnar seg mot bygda i fleire retningar
- Lågaste volum mot sør, høgaste mot aust -for å sikre gode soltilhøve på skuleplassen midt på dag og ettermiddag
- God tilknytning mot Stitoppen og ekstra utomhusareale

KONKLUSJON


Vi meiner at Sogndal sentrum si mest sentrale tomt og med best mikroklima, ved sida av SHOS og kommunehuset, fortener eit anlegg som kjem barn og unge til gode. Ein ny og moderne grunnskule (1-7) vil gje Sogndal sentrum og nærområda eit nærmiljøanlegg som vil bety mykje for barn og unge, og vil kunne bli ei aktivitets- og kulturarena, som er ope og utan kostnader for brukarane. Skulen og skuleplassen er idag veldig mykje brukt av barn og unge i nærområdet.

Med utvikling av nye bustadsområde på Bilagstomta, Ulvahaugen, Nestangen, Lerum Brygge, Fossetunet, Øyane/Granden, Rutlin/Ulvahaugen og meir, vil ein stor del av veksten av nye bustadsområde vere i sentrum. Denne store folketalsveksten er eit resultat av ein ønska politikk om f






Solstudie Vårjamndøgn kl. 0900




Solstudie Vårjamndøgn kl. 1900





Solstudie St.Hans kl. 2000



Solstudie 1.Des kl. 1200

